

07 FEB. 2014

Jnr. \_\_\_\_\_ Saksh. \_\_\_\_\_  
Ark. \_\_\_\_\_ Ark.del \_\_\_\_\_  
Saksid. \_\_\_\_\_Kontrollutvalet  
Meland kommune24.01.2014  
Nummerert brev, nr 11**Gjennomgang av investeringsprosjekt VA prosjekt Fløksand – Vikebø**

Rapport etter vår gjennomgang av investeringsprosjektet er vedlagt.

Som grunnlag for rapporten har vi hatt intervju med administrasjonen samt kommunikasjon via mail og telefon og gjennomgått dokument. Foreløpig utkast til rapport vart sendt på høyring til administrasjonen og opplysingar frå høyringssvaret er teke inn i endeleg rapport.

Med venleg helsing  
Nordhordland Revisjon IKSReidar Bjørsvik  
Revisjonssjef

Kopi: Rådmann

## Gjennomgang av VA-prosjektet Fløksand-Vikebø

---

Kontrollutvalet i Meland har i sak 28/13 gjort følgende vedtak:

*«Kontrollutvalet ber om at revisjonen har ein gjennomgang av VA prosjektet – Fløksand-Vikebø der det vert sett på heile prosessen i prosjektet. Revisjonen rapporterer om status for arbeidet på neste møte.»*

Med grunnlag i bestillinga har revisjonen hatt møte med administrasjonen i kommunen samt gått gjennom dokumentasjon og rekneskap for prosjektet. I dette brevet vil vi kommentere resultatet av gjennomgangen.

I rapporten er det først ein gjennomgang av prosessane i prosjektet før ein ser nærare på dei økonomiske overskridingane og tilhøvet til regelverket for offentlege anskaffingar. Etter kvart av tema følgjer revisjonen si vurdering. Til sist kjem ein avsluttande og oppsummerande kommentar med påfølgande tilrådingar.

## Innhald

Gjennomgang av VA-prosjektet Fløksand-Vikebø .....	0
Innleiing .....	2
Prosessane i prosjektet .....	3
Utarbeiding av kostnadsoverslag og rammevedtak .....	3
Årlege budsjettvedtak .....	4
Prosjektering .....	4
Oppfølging av prosjektet .....	4
Rapportering til politisk nivå .....	5
Revisjonen si vurdering .....	7
Dei økonomiske overskridingane .....	10
Nærare om endringane .....	10
Revisjonen si vurdering .....	12
Regelverket for offentlege anskaffingar .....	13
Revisjonen si vurdering .....	15
Avsluttande kommentar og tilrådingar .....	16

## Innleiing

VA-prosjektet Fløksand-Vikebø er ei samankopling av vassverka Rossland og Fløksand.

Bakgrunnen for å kople saman dei to vassverka var dårleg vasskvalitet frå Rossland vassverk. Mattilsynet har kome med fleire pålegg om tiltak i høve vasskvaliteten frå anlegget og det har vore gjentekne klagar frå abonnentar. Samstundes hadde ein ynskje om å betre forsyningstryggleiken.

Meland kommune vedtok hausten 2009 å revidere hovudplanen for vassforsyning. Revidert plan vart vedteken i kommunestyret 15.12.2010. I tiltaksplanen for vassforsyning 2010-2014 var prosjektet omtalt slik:

Fløksand - Vikebo, groft 2 km; sjo 2 km	Kr 8.400.000,-	<i>Samankople vassverka Rossland og Fløksand. Betrar forsyningstryggleiken. Vassforsyning til framtidig bustadutbygging på Ryland.</i>
---	----------------	--

Prosjektet vart vedtatt av kommunestyret våren 2012 med ei økonomisk ramme på 12,45 millionar.

I følge sluttopstillinga datert 04.10.13 utgjer totalkostnad frå entreprenør 17,58 mill. kr. Administrasjonen ventar ein sluttkostnad for prosjektet på 18,8<sup>1</sup> mill. kr., dette utgjer 224 % av kostnadsanalysen i tiltaksplanen og 151 % av vedtatt kostnadsramme.

Entreprenør har levert tilleggsytningar for 6 mill. kr. fordelt over 60 endringsmeldingar, dette utgjer nærare 33 % av total entreprenørkostnad.

Vatn og Avlaup er eit sjølvkostområde. Det inneber at kostnadane ikkje påverkar kommunen sin økonomi men blir belasta innbyggjarane direkte gjennom årsavgifta.

Dei økonomiske overskridingane er bakgrunnen for at kontrollutvalet ynskjer ein gjennomgang av prosjektet. I gjennomgangen blir det sett på prosessane i prosjektet, også dei som ikkje gjev utslag i meir- eller mindre kostnader. Tiltak som er sett i verk i ettertid er ikkje vurdert av revisjonen, då det ikkje blir sett på som ein del av bestillinga frå kontrollutvalet.

<sup>1</sup> Sluttkostnad kan bli lågare grunna ei omtvista fordring.

## Prosessane i prosjektet

### *Utarbeiding av kostnadsoverslag og rammevedtak*

KRD gav i 2011 ut rettleiaren «*Budsjettering av investeringer og avslutning av investeringsregnskapet*». Denne gjev nyttig informasjon om formell handsaming i investeringsrekneskap og er i stor grad knytt opp mot krav i kommunelov og forskrift.

I rettleiaren pkt. 7.2 skriv KRD om den innleiande fasen i investeringsprosjekt:

*«Ved planlegging av investeringsprosjekter (bygge- og anleggsarbeider) må kommunen kalkulere det økonomiske omfanget som prosjektet vil medføre. Dette kostnadsoverslaget danner grunnlag for beslutningen om å iverksette prosjektet, og også grunnlaget for å legge prosjektet inn i økonomiplanen. Det er ikke formelle krav til å utarbeide kostnadsoverslag for investeringsprosjekter, men det er krav til økonomiplanlegging. For økonomiplanen vil økonomiske kalkyler for investeringsprosjekter være et viktig grunnlag, og disse kan strekke seg ut over økonomiplanens fireårige periode. På bakgrunn av estimater i et kostnadsoverslag, bør det legges fram sak for kommunestyret om å vedta en kostnadsramme for prosjektet.»*

KRD framhevar kostnadsoverslag som ein viktig del av den førebuande fasen. Kostnadsoverslaget er med å danne grunnlaget for avgjerda av om ein skal setje i gang med investeringsprosjektet. Bli prosjektet vedtatt ligg overslaget også som eit utgangspunkt for utarbeiding av kostnadsramme samt rammevedtaket som styrer dei økonomiske løyvingane gjennom budsjett.

Prosjektet ligg inne i tiltaksplanen med eit omfang på 2 km grøft og 2 km sjø med eit kostnadsoverslag på 8,4 mill. Ved anbodsinnbyding er prosjektet skildra som følgjande:

### ***"1.1 INNBYDELSE***

*Meland kommune – natur, næring og teknikk, heretter kalt oppdragsgiver, ønsker tilbud på utførelse av anleggskontrakt for VA-anlegg. Anleggskontrakten omfatter 4740 meter vannledningsnett og 600 meter spillvannnett, nærføring av offentlige veger, tiltak og hensyn til bl. annet landbrukseiendommer og øvrige forhold som ellers er beskrevet i konkurransegrunnlaget.*

Med grunnlag i dei innkomne anboda vart investeringsprosjektet Fløksand-Vikebø vedteke av kommunestyret 11.04.2012 med ei total ramme på kr 12,45 mill. I kostnadsramma var det tatt høgde for uføresette kostnadar på 1 mill. samt prisauke i byggjetida. Arbeidet vart tildelt Implenia.

Skildringa av prosjektet i tiltaksplanen og anbodsutlysinga er ikkje samsvarande i omfang. Prosjektet har såleis endra seg i denne perioden.

## Årlege budsjettvedtak

Kommunestyret skal vedta budsjett for kommunen si verksemd<sup>2</sup>. Løyvingane i årsbudsjettet er bindande for dei underordna organa i kommunen jf. Kommuneloven §47 nr 1. Rettleiaren frå KRD punkt 3.2 tar utgangspunkt i Kommuneloven og budsjettforskrifta<sup>3</sup> og omtaler årsbudsjettet si betyding for investeringsprosjekt som følgjande:

*«Årsbudsjettet, herunder investeringsbudsjettet, er en bindende plan for anvendelse av kommunens midler i budsjettåret. Kommunen kan ikke foreta utbetalinger eller pådra seg utgifter i året ut over de bevilgninger som er fastsatt i årsbudsjettet for budsjettåret, med unntak av eventuelle rettslige forpliktelser. Kommunestyrets bevilgninger i årsbudsjettet er bindende for underordnede organer.»*

Ved budsjettvedtak fastset såleis kommunestyret rammene for all verksemd i kommunen. Underordna organ kan ikkje gå ut over desse rammene og må følgjeleg be om vedtak om ekstraløyvingar ved behov for ytterlegare midlar.

I årsbudsjettet for 2011 er prosjektet ført opp med kr 2 mill. Opphavleg årsbudsjett 2012 er kr 4 mill. I revidert budsjett 2012 er dette endra til kr 9,828 mill. Når det gjeld årsbudsjett for 2013 viser KS 114/12 vedtak om investering i 2013 med kr 2,4 mill. på prosjektet. Revisjonen kan ikkje sjå at budsjettvedtaket for 2013 er innarbeidd i rekneskapen i Visma på prosjekt 629 jf. vedlegg nr 1.

Vedlegg nr. 1 viser ei oversikt over opphavleg budsjett, justert budsjett og rekneskap for prosjektet for åra 2011 til 2013.

## Prosjektering

Etter utlysing via Doffin vart Aquapartner vald som konsulent for prosjekteringa med opsjon på ei rekkje andre prosjekt. Anbudsprotokollen viser at Aquapartner hadde det rimelegaste tilbodet. Administrasjonen opplyser at det har vore ein føresetnad mellom kommunen og konsulent at ytingar til prosjektering og planlegging skulle liggje på eit minimumsnivå. Dette er stadfesta av prosjekterande konsulent. Det har følgjeleg vore lite fokus på forundersøkingar, og ein utførte ikkje grunnundersøkingar.

## Oppfølging av prosjektet

Det har skjedd ei omorganisering i kommunen undervegs i prosjektet. Fram til 01.09.12 var rådmannskontoret ansvarleg for kommunen sine utbyggingsoppgåver. Frå dette tidspunktet vart dette ansvaret overført til kommunalavdeling for natur næring og tekniske tenester (NNT)<sup>4</sup> Skiljet i ansvar er relativt samanfallande med anleggsstart for Fløksand-Vikebø utbygginga. Frå første byggjemøte 15.08.12 er det representantar frå NNT, noverande prosjektansvarlege, som deltek.

<sup>2</sup> Lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. sept. 1992 nr 107 (Kommuneloven) § 45

<sup>3</sup> Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner) av 15. Des 2000 nr 1423.

<sup>4</sup> Kommunalavdeling for natur næring og tekniske tenester er endra til tenesteområde for plan utbygging og kommunalteknikk (PUK)

Det er framlagt referat frå jamlege byggjemøter ca. kvar 14. dag der entreprenør og prosjektansvarlege er tilstade. Over anleggsperioden er det registrert 60 endringsmeldingar. Desse har delvis vore tema på byggjemøta og delvis vore gjenstand for dialog med administrasjonen utanom møta.

Rådmannen har vore fortløpande orientert om framgangen i prosjektet gjennom 2013. Ho har vore informert om utfordringane både i høve framdrift og kostnadsvurdering, og delteke i drøftingar kring val av løysingar der det har oppstått spørsmål om endring i høve til opphavleg prosjektering. På førespurnad om kva kjennskap rådmannen har hatt til dei økonomiske tilhøva opplyser rådmannen at «Eg har vore innforstått med at dette ville føre til auka prosjektkostnad, men det samla bilde har eg ikkje vore kjent med før eg blei presentert for ein grundig gjennomgang av prosjektet våren 2013.<sup>5</sup>»

### *Rapportering til politisk nivå*

Politisk nivå har det overordna ansvaret for økonomien til kommunen. Administrasjonen skal difor jamleg rapportere til politisk nivå om den økonomisk stoda for drift og investering. Kommuneloven §47 nr 2 slår fast at:

*«Skjer det endringer i løpet av budsjettåret som kan få betydning for de inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygger på, skal [rådmannen] gi melding til kommunestyret».*

Mindre endringar utan innverknad på inntekter og utgifter i årsbudsjettet treng såleis ikkje rapporterast. Det må vere tale om «nevneverdige avvik»<sup>6</sup>. Det avgjerande er om endringa «foryrkker budsjettbalansen»<sup>7</sup> eller gjer det naudsynt med forskyving av budsjetttrammer mellom avdelingar<sup>8</sup>.

Prosjektet er omtalt som følgjande i eit utval rapportar:

- 30.06.12 Det går fram av sakspapira for kommunestyret<sup>9</sup> at administrasjonen har informert om at det vert meirkostnad i høve til løyvde midlar.
- 31.08.12 «det vil bli ein ekstra kostnad pga. forseinka oppstart samt ekstratiltak på strekinga ved Rylandsvatnet» og «på grunn av ulike sider ved grunnavtalar og omlegging av deler av traséen mm er framdrifta noko forsinka, det kan påverke det økonomiske resultatet»
- 31.10.12 «vert ein del ekstrakostnadar knytt til kvikkleireproblematikk og mengderegulering av kontrakt» og «på grunn av ulike sider ved grunnavtalar og omlegging av deler av traséen mm er framdrifta noko forsinka, det kan påverke det økonomiske resultatet»
- 28.02.13 «anlegget er for det meste ferdig...» det «vert ein del ekstrakostnadar knytt til kvikkleireproblematikk og mengderegulering av kontrakt» i den generelle kommentaren står det også at «framdrifta er noko forsinka, det vil påverke det økonomiske sluttresultatet»

<sup>5</sup> E-post til NHR IKS 10.01.14.

<sup>6</sup> Budsjettforskriften §10 andre punktum

<sup>7</sup> Ot. Prp nr 42 1991-92 s 293

<sup>8</sup> Bernt, Jan Fridthjof, Kommuneloven med kommentarer (2001, 3. utg) side 343

<sup>9</sup> Sak KS 072/12

- 30.04.13 «Gjenstår berre mindre arbeid på anlegget før overtaking» og «Det har oppstått relativt store ekstrakostnader knytt til kvikkleireproblematikk, flytting av boreholsgrop grunna ustabil fylkesveg, mengderegulering av kontrakt, drenering av grøfter over jordbruksland, nedspyling av leidning i Rylandsvatnet pga tilhøva i botn» Rekneskapen viser på 14.64 mill. på tidspunktet for rapportering. Venta overskridingar er på i overkant av 3 mill.
- 30.06.13 «Elles går prosjekta omtrent som budsjettet. Unntatt er prosjekt nr 629 VA-anlegg Fløksand –Vikebø, som syner ein stor meirkostnad samanlikna med opprinneleg budsjett. Anlegget er no berekna a koste kr 18,1 mill. mot budsjettet 12,45, ein meirkostnad på kr 5,7 mill.»<sup>10</sup>

Gjennomgangen viser at ein har rapportert om ein del dei største endringspostane undervegs. Fram til april 2013 var det økonomiske omfanget av endringane ikkje talfesta. Frå og med rapporteringa pr. 30.04.13 blei det lagt fram prognose med tal. Våren 2013 vart det tilsett ny økonomisjef i kommunen, noko som innebar auka krav til økonomirapportering gjennom meir detaljert og spesifisert framstilling av rekneskap og økonomisk prognose. Etter dette er prognosane vesentleg meir konkrete. Dette gjeld i hovudsak for alle investeringsprosjekta som inngår i økonomisk rapportering.

Etter kommuneloven § 47 nr 1 er budsjettvedtak i kommunestyret bindande for underordna organ. Dette inneber at dersom det skjer endringar som får eller kan få innverknad på dei inntekter eller utgifter som årsbudsjettet byggjer på, er budsjettendring pliktig<sup>11</sup>. Samstundes kan ikkje underordna organ pådra kommunen utgifter dei ikkje har dekning for i budsjettvedtak. Det må difor føreliggje tilleggs løyving gjennom budsjettendring før ein påfører kommunen kostnader ut over eksisterande løyvingar.

I sakspapira<sup>12</sup> til økonomirapportering pr. 30.06.12 står det at det vil bli meirkostnader og at det blir «eige sak til kommunestyret når kostnaden er kjend». Behovet for ytterlegare finansiering har ikkje vore lagt fram for politisk nivå som sak om tilleggs løyvingar etter dette<sup>13</sup>.

<sup>10</sup> Sakspapira K052/13

<sup>11</sup> KRDS brev av 7. april 2010 (ref.: 09/1295-1 BED)

<sup>12</sup> Sak KS 072/12

<sup>13</sup> Stadfesta av prosjektansvarlege i møte.



## Revisjonen si vurdering

Kommunen har følgd KR D si anbefaling ved å utarbeide eit kostnadsoverslag som grunnlag for avgjerds la om å setje i verk prosjektet samt vedta ei kostnadsramme.

KRD framhevar i rettleiaren at det ikkje er formelle krav til å utarbeide kostnadsoverslag for investeringsprosjekt, men at det er krav til økonomiplanlegging.<sup>14</sup> Slike kostnadsoverslag er eit viktig grunnlag for utarbeiding av økonomiplanen fordi dei ofte gjeld vesentlege beløp og kan strekkje seg over lengre tidsperiodar. For å kunne fylle sin funksjon er det essensielt at kostnadsoverslaget ligg nær opp til reell kostnad. Grundige, gjennomarbeidde og realistiske kostnadsoverslag bør difor vere ei målsetjing.

Ved å sikre kvaliteten på kostnadsanalysen og førearbeidet for prosjektet, får ein eit godt vedtaksgrunnlag. Dette leier til auka økonomisk tryggleik for kommunen ved at ein vil få meir realistiske budsjettvedtak og ein meir føreseieleg økonomi. Samstundes er det viktig for å ivareta demokratisk legitimitet at politiske vedtak byggjer på realistiske føresetnadar.

Generelt vil behovet for ein sterk planleggingsfase med realistiske kostnadsoverslag gjere seg enda meir gjeldande i ein pressa kommuneøkonomi med stadige og vanskelege prioriteringar . Realismen i kostnadsoverslaget representerer ein grunnleggjande føresetnad for at politisk nivå kan spele si rolle og vareta sitt ansvar på ein god måte.

Kostnadar på VA-området påverkar ikkje direkte kommunen sin økonomi då dette er eit område der innbyggjarane direkte, gjennom årsavgifta, ber alle kostnadar. Kommunelova med forskrifter stiller same krav til prosessane på VA området som for investeringsprosjekt i kommunen elles.

Det har vore lite fokus på prosjektering. Dette har medført at ein har fått endringar undervegs i prosjektet. Ein har ikkje hatt eitt tilstrekkeleg godt grunnlag for utarbeidinga av kostnadsoverslag, noko som har redusert kvaliteten på- og realismen i dette.

Administrasjonen meiner kostnadsnivået for prosjektet er normalt om ein ser på standarden på anlegget, og at det i alt det vesentlege er «riktig». På spørsmål frå revisjonen har prosjekterande konsulent og entreprenør gitt uttrykk for same oppfatting av kostnadsnivået. Om ein legg til grunn at endeleg kostnad for prosjektet er innanfor det normale for tilsvarende anlegg, vil det økonomiske meirforbruket i høve til kostnadsramma utelukkande skuldast manglar ved planlegging, førearbeid eller kontraktsoppfølging, samt eventuell endring av prosjektet i høve til opphavleg vedtatt omfang.

I tiltaksplanen har ein gått ut frå ein meterpris på 2100 kr. Budsjettert meterpris etter rammevedtaket var 2627 kr. og baserte seg i stor grad på meterpris for tilsvarende anlegg Grasdal-Aadland. Sluttoppstillinga viser ein meterpris for prosjektet er 3800 kr<sup>15</sup>. Administrasjonen opplyser at vanleg meterpris for liknande anlegg er 4000-5000 kr.<sup>16</sup> Prosjekterande konsulent stadfestar at tilsvarende prosjekt erfaringsmessig har ein meterpris på 5000 kr. Om ein legg dette til grunn er meterprisen for prosjektet i nedre kant eller under normalen.

<sup>14</sup> Pkt 7.2

<sup>15</sup> Pr sluttoppstilling 04.10.13

<sup>16</sup> Revisjonen har ikkje hatt høve til å verifisere dette.

Det kan stillast spørsmål ved om det var forsvarleg å budsjettere med ein meterpris vesentleg lågare enn normalt utan å ha utført forundersøkingar for å underbygge dette.

Prosjektansvar inneber å sjå til utviklinga i prosjektet, ha kontroll med faglege problemstillingar, følgje opp framdrift og vurdere kostnader i høve til budsjett- og rammeløyving. Prosjektansvarleg bør ikkje berre ha oversyn over status pr. dato, men også oversyn over utviklinga. Dette inneber utarbeiding av prognosar for både framdrift og økonomi dersom det skjer avvik frå opphavleg plan. Dette er også skildra i stillingsinstruks for tilsett med ansvar for investeringsoppgåver som gjeld frå 01.09.12.

Det kan synast som om prosjektet har hatt ei god fagleg oppfølging frå administrasjonen i form av jamlege møter og diskusjonar. Utfordringar undervegs i anleggsprosessen er handsama på bakgrunn av vurdering av økonomiske konsekvensar.

God økonomisk oppfølging inneber utarbeiding av prognosar i samsvar med relevante endringar, samt jamleg rapportering til økonomikontor og rådmann om den økonomiske stoda. I fortsetjinga av ein slik oppfylgingsstruktur følgjer òg rapportering til politisk nivå samt eventuell sak om tilleggsøyving.

KRD sin rettleiar til investeringsrekneskap seier fylgjande i kapittel 8.3:

*«Forskriften forutsetter også at rådmannen fremmer forslag til korrigerende tiltak dersom det ligger an til nevneverdige avvik. Forskriften har ikke redegjort for hvor stort avviket skal være før det er å betrakte som et nevneverdig avvik, men dette kan avklares med kommunestyret i forbindelse med behandlingen av årsbudsjettet, eventuelt gjennom et økonomireglement eller finansreglement.»*

Slik avklaring kan vere hensiktsmessig for å sikre ei felles forståing mellom administrasjon og politisk nivå om kva avvik som krev korrigerande tiltak.

Som vist i gjennomgangen av økonomirapportar ovanfor vart politisk nivå presentert for ein konkret økonomisk prognose for prosjektet først i mai 2013<sup>17</sup>. På dette tidspunktet rapporterte administrasjonen eit venta meirforbruk på i overkant av 3 mill. kr.

Administrasjonen opplyser at ein først i tidsrommet april-mai 2013 vart klar over ein del av tilleggskostnadane. Dette skuldast at ein del endringar er mengdeavhengig og at totalkostnad difor ikkje er kjend før arbeidet er gjennomført. Entreprenør utarbeidar, der det er mogeleg, kostnadsoverslag for endringar før ein set i gang arbeidet. Administrasjonen opplyser at rekneark som inneheld akkumulerte anslag over bestilte endringar vart tekne i bruk våren 2013. Revisjonen meiner eit system som sikrar registrering av eventuelle kostnadsoverslag for endringar bør vere ein del av økonomioppfølginga for komande prosjekt. Det er såleis positivt at ein har innført prognoseoppstilling med estimerte endringskostnader frå våren 2013.

Av økonomirapport pr. 28.02.13 går det fram at prosjektet for det meste var ferdig og det blir opplyst om ein del ekstrakostnader kring kvikkleireproblematikk og mengderegulering av kontrakt. I internt notat kring vurderinga av borehol utarbeida i desember 2012 går det fram at ein var klar over at endringane ville medføre auka kostnader i høve til prosjektet, men at ein ikkje kjende til det eksakte omfanget. Ein var såleis kjend med meirkostnader også kring andre forhold enn dei som blei nemnde på tidspunktet for rapporteringa.

<sup>17</sup> Rapportering pr 30.04.13 er signert og datert 15.05.13

Kommunen har prosjektert med låge kostnader i høve til normalt for tilsvarende anlegg<sup>18</sup> utan påviseleg grunnlag for at ein venta lågare kostnader enn normalt. Entreprenør opplyser også at dei allereie i ein tidleg fase av prosjektet opplyste kommunen om mangelfull prosjektering.

Revisjonen meiner det etter omstenda burde vore mogeleg å rapportere meir presist om omfanget av overskridingane på tidlegare tidspunkt.

Prosjektet har endra seg frå tiltaksplanen til anbudsutlysing. Revisjonen har ikkje funne informasjon i sakspapir frå kommunestyret som viser at dei er informert om innhaldet i- og omfanget av dei aktuelle endringane. Ved handsaminga i formannskap<sup>19</sup> og kommunestyre<sup>20</sup> vart det knytt merknad til kostnadsauken frå tiltaksplanen og bedt om at ein sat i verk tiltak for å unngå overskridingar på framtidige investeringsprosjekt. Det går ikkje fram av referatet at det vart vist til endringa av omfang som medverkande årsak til kostnadsauken. Ein får følgeleg ei problemstilling kring om politisk nivå var tilstrekkeleg informert om endringane i omfanget av prosjektet.

Revisjonen har ikkje fått tilbakemelding på førespurnad til politisk nivå om dei kjende til endringa. Ein har heller ikkje funne intern dokumentasjon som kastar ljós over årsakar og grunngevingar for endringa. Grunna organisasjonsendring i kommunen, endra ansvarsfordeling mellom rådmannskontor og NNT/PUK, samt utskifting av tilsette har administrasjonen ikkje kunna gjort nærare greie for endringane i møte.

Revisjonen kan ikkje utelukka at politisk nivå var orientert om endringane. Det ville vore ein føremon om det i så høve var dokumentert i møtereferrat eller sakspapir.

---

<sup>18</sup> Basert påfråsegn frå administrasjon og prosjekterande konsulent.

<sup>19</sup> Møte 21.03.12 sak 033/12

<sup>20</sup> Møte 11.04.2012, sak 029/12

## Dei økonomiske overskridingane

Dei økonomiske overskridingane skuldast hovudsakleg endringar i prosjektet. Desse endringane kan i første omgang skiljast i to kategoriar basert på kva fase av prosjektet endringa har skjedd.

For det første har det skjedd endringar mellom vedtakinga av tiltaksplanen og vedtak om igangsetjing. Desse endringane er, saman med ordinær prisauke, årsaka til at prosjektet gjekk frå eit kostnadsoverslag på 8,4 mill. til ei kostnadsramme på 12,45 mill. I denne fasen auka prosjektet i omfang samstundes som ein auka fagleg standard på anlegget.

Endringane i omfang relaterer seg til lengd på leidningsnett og etablering av spillvassnett. Administrasjonen opplyser at anlegget Fløksand-Vikebø ber ein høgare standard enn ei rekkje andre anlegg i kommunen. Mellom anna har ein auka djupna på grøftene i høve til dømes Grasdal-Ådland som låg til grunn for kostnadsanalysen i tiltaksplanen.

For det andre har det skjedd endringar etter vedtak om igangsetjing og undervegs i anleggsprosessen. Desse skuldast i større grad omstende ein ikkje var klar over og følgjeleg måtte finne løysingar på undervegs.

Endringane i den første fasen av prosjektet står i ei anna stilling enn seinare endringar då dei i større grad er planlagde og skjer på bakgrunn av ynskje og prioriteringar. Gitt at politisk nivå var kjend med dei aktuelle endringane ved vedtakinga av kostnadsramma, føreligg det også politisk godkjenning og aksept av endringane. Under denne føresetnaden er desse endringane ikkje like interessante som dei endringane som har skjedd etter den politiske vedtakinga av prosjektet med kostnadsramme. Det blir difor fokusert på dei etterfølgjande endringane i fortsetjinga.

For å kunne vurdere dei økonomiske overskridingane er det ikkje tilstrekkeleg å sjå på endringane isolert, ein må også sjå på kvifor endringane har skjedd, kva som ligg bak og om det eventuelt finst ein fellesnemnar.

### *Nærare om endringane*

Under følgjer ei skildring av dei mest omfattande endringane og tilleggsarbeidet i anleggsperioden. Skildringa byggjer i hovudsak på den informasjon som er gitt av administrasjonen i internt notat av 26.08.2013.

#### Masseutskifting av leidningsgrøft og før samt etablering av anleggsveg (1,6 mill.)

I prosjekteringa var det rekna for lite massar og det ligg difor inne for lite omfang i anbudsgrunnlaget. Meir massar var naudsynt for å sikre leidning stabilt fundament i grøfta. Traséen var delvis lagt til myr noko som gjorde det naudsynt å etablere anleggsveg.

#### Borehol (1,3 mill.)

For strekninga pel 3070-3190 har kommunen vald borehol framfor ordinær grøft. Det er utarbeida eit notat<sup>21</sup> der ein skildrar dei vurderingar som er gjort i samband med endringa.

<sup>21</sup> Vurdering borehol. 11-12-2012. Journalp.ID 12/16351

I notatet heiter det:

*«Dersom kommunen skulle haldt fast ved prosjektert trasé hadde det vore naudsynt med tung sperring langs fylkesveg samt midlertidig utviding av vegen som fører til sprenging på andre sida av vegen, masseutskifting og asfaltering. I tillegg kjem reetablering av hage (...), forsiktig sprenging langs steinløpe og hus/hage, og sprenging av mykje fjell i dagen langs veg. Alt i alt ville det vore svært kostbart å utføre ettersom det ikkje ligg postar for dette i anbodet»*

I samband med arbeidet med boreholdet kom det fram ein fjellterskel som går på tvers av eksisterande veggrøft langs fylkesvegen. Terskelen heldt grunnvasstanden ved fylkesvegen. Ved utgraving av boregrop for borerigg senka ein denne vasstanden og valde å fylle på med steinmassar for å hindre vegen i å gli ut. For å hindre skade trakk ein boreholdet lenger frå fylkesvegen mot fast grunn. Om ein hadde vald å følgje opphavleg trasé ville ein sprengt bort fjellterskelen og truleg senka grunnvasstanden i så stor grad at fylkesvegen ville kollapsa.

Ved å velje borehol framfor ordinær grøft fekk ein meirkostnadar i høve til det som var prosjektert. Grunna fjellterskelen og grunnvassproblematikken kring fylkesvegen er det likevel ikkje gitt at ein ville unngått meirkostnadar om ein hadde følgd opphavleg trasé. Kva som alt i alt er den mest økonomiske løysinga er såleis vanskeleg å vurdere.

#### Drenering av kummer og grøfter (1,3 mill.)

Drikkevannforskriften<sup>22</sup> stiller krav til vassleverandørar når det gjeld forureining. I VA-norma er det difor stilt krav om tørre kummer for å redusere risikoen for forureining av drikkevatt gjennom leidningssystemet. Det er ikkje eit nytt krav at ein skal drenere kummer, og dette har også vore gjort på andre VA-prosjekt i kommunen tidlegare. I prosjekteringa og dermed kostnadsanalysen som ligg til grunn for kostnadsramma ligg det inne post for drenering av kummer. Det ligg ikkje inne post for drenering av grøfter.

Administrasjonen opplyser at kommunen tidlegare i varierende grad har lykkast med dreneringa av kummer og at det difor er fare for at ein kan få forureina vatn i vassanlegget. Samstundes har unnlata drenering av leidningsgrøft ved andre prosjekt ført til reklamasjonar og klager frå grunneigarar grunna store vassoppsamlingar. Administrasjonen valde på bakgrunn av dette å leggje lengre rør for drenering av kum samt drenere leidningsgrøft.

#### Skjeringar (1 mill.)

Val av leidningsstrasé fører til behov for sprenging av skjeringar over bakkenivå. Det var ikkje tatt høgde for dette i prosjekteringsfasen. Kostnaden låg følgjeleg heller ikkje inne som ein del av anbudsgrunnlaget og er difor å rekne som tilleggsarbeid.

#### Kvikkleireproblematikk (0,3 mill.)

Ved pel 1310-1510 i området Fløksand/Beitingen vart ein i samband med grøftearbeidet merksam på vesentleg mengd leire og kvikkleire i grunnen. Relevante endringar og vurderingar er skildra i notatet «vurdering leire».<sup>23</sup> Dei endringar som er gjort har skjedd på bakgrunn av «veiledning ved små terrenginngrep i kvikkleiresoner» utarbeida av NGI og NVE. I kontrakten var grunnområdet skildra som jord/myr/leire medan undersøkingar viste at det i realiteten var 38-39 m. kvikkleire. Ein vart nøydd å velje andre løysingar enn det som var prosjektert, og dette gav meirkostnadar.

<sup>22</sup> Forskrift om vannforsyning og drikkevann av 04.12.2001 nr 1372

<sup>23</sup> Vurdering Leire. 11.12.2012. Journalp.ID. 12/16353

### Vassinntak til Salar (0,17 mill)

Grunna risiko for fiskedød og eventuelle erstatningskrav var det naudsynt med særskilte tiltak i form av lense og vaska masser i området i Rydlandsvatnet der Salar har vassinntak.

## Revisjonen si vurdering

Endringane skjer primært av to ulike årsakar. For det første har ein endringar på bakgrunn av behov som ikkje var tatt omsyn- eller tilstrekkeleg omsyn til ved prosjekteringa. Dette gjeld mellom anna masseutskifting av leidningsgrøft og skjeringar. For det andre har ein endringar som resultat av risikovurderingar knytt til kostnadssida. Denne forma for endringar får ein der det føreligg risiko for vesentleg kostnadsauke ved opphavleg traséval. Situasjonen har særleg oppstått der traséen er lagt til eit område der det viser seg å vere grunnforhold som vesentleg fordyrar, utan at det er tatt omsyn til dette i prosjekteringsfasen. Dette gjeld mellom anna endringa knytt til borehol samt kvikkleireproblematikken.

Felles for endringane er at dei skuldast svakheiter ved- og svikt i prosjekteringa. Endringane ville typisk vore unngått ved meir omfattande, djuptgåande prosjektering. Entreprenør opplyser ovanfor revisjonen at meirkostnadane etter deira vurdering tydeleg skuldast mangelfull og utegløymt prosjektering. Ein ville ikkje nødvendigvis unngått ein del av kostnadane ved å betre prosjekteringa, men endringane ville inngått som ein del av kostnadsramma, vedtaksgrunnlaget og anbudsgrunnlaget. Det ville difor vore betre samsvar mellom faktisk kostnad og kostnadsramme for prosjektet.

Kommunen har også eit ansvar i høve til prosjekteringa og har ikkje i tilstrekkeleg grad følgd opp arbeidet til prosjekterande konsulent. Det er døme på openberre tilhøve ein burde oppdaga ved ein gjennomgang, til dømes går traséen rett gjennom ei steinløe.

Ein del av meirkostnadane under anleggsperioden framstår ikkje som ekstraordinære, til dømes auka kostnadar til drenering, og burde latt seg estimere på eit tidlegare tidspunkt. Desse utgiftene utgjer aleine meir enn det som var sett av i prosjektet til utføresette kostnadar.

Endringa kring drenering av leidningsgrøft og kummer står vidare i ei særstilling av di ho skuldast forhold som administrasjonen var klar over på eit tidlegare tidspunkt i prosjektet og følgjeleg burde tatt stilling til og eventuelt lagt inn i kostnadsanalysen som låg til grunn for rammevedtaket. Når ein i ettertid vel å auke standarden på dreneringa, og dette gjev ei overskriding av den økonomiske ramma, er dette ei vurdering som av natur burde vore lagt fram som sak for politisk handsaming. Det at det skuldast eit pålegg frå autorative mynde endrar ikkje dette.

Prosjektleiari og entreprenør opplyser at del av endringane som er gjort har gitt mindrekostnadar for kommunen i høve til opphavleg trasé. Ein kan difor stå framfor ein situasjon der dei endringane som er gjort er ein meirkostnad i prosjektrekneskapet grunna den svake prosjekteringa, men ein mindrekostnad om ein brukar faktisk kostnad ved opphavlege løysingar som referanse.

## Regelverket for offentlege anskaffingar

Regelverket om offentlege anskaffingar skal «bidra til økt verdiskaping i samfunnet ved å sikre mest mulig effektiv ressursbruk ved offentlige anskaffelser basert på forretningsmessighet og likebehandling. Regelverket skal også bidra til at det offentlige opptre med stor integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte»<sup>24</sup>. For å sikre dette blir det stilt krav til prosessane kring offentlege innkjøp.

Det er på det rene at kommunal verksemd er omfatta av lov om offentlige anskaffelser<sup>25</sup> jf. § 2, og forskrift om offentlige anskaffelser<sup>26</sup> (FOA) jf. § 1-2 nr 1. Kva prosesskrav som gjeld for det konkrete tilhøvet vil avhenge av verdien av kontraktsyttinga. VA-prosjektet Fløksand-Vikebø har ein kontraktsverdi som overstig 500 000 eksklusiv mva, men er under terskelverdiene i FOA § 2-2. Det er difor offanskl. samt forskrifta del I og del II som gjeld for anskaffinga<sup>27</sup>.

For kommunal verksemd innanfor forsyningssektoren finst det enkelte særreglar i forsyningsforskrifta<sup>28</sup> jf. FOA §2-1(7).

Prosjektet var lyst ut via Doffin<sup>29</sup> 26.01.2012. I fylgje protokoll for anbodsopning var det 10 tilbydarar og tilboda varierte frå kr 10 073 233 til kr 15 461 732. Etter vurdering av tilboda vart kontrakten tildelt Implenia. Kommunen vart klaga inn for KOFA for to forhold i høve anbodsprosessen. Det første forholdet gjaldt rangeringsutrekninga, her fekk kommunen medhald hjå KOFA. Det andre forholdet gjaldt avvising av tilbydar, her fekk klagar medhald, men dette fekk ikkje praktiske følgje då denne tilbydaren ikkje vart vald. Revisjonen har ikkje sett nærare på prosessen kring val av tilbydar då dette reknast tilstrekkeleg vurdert ved klagesakene for KOFA.

FOA § 3-2 stiller krav om at oppdragsgjevar fører protokoll for alle anskaffingar over 100 000 ekskl. mva. Protokollen skal skildre «alle vesentlige forhold og viktige beslutninger gjennom hele anskaffelsesprosessen». Kva protokollen minimum skal innehalde følgjer av FOA vedlegg 4. Kommunen kan ikkje framvise slik protokoll ved etterlysing.

Etter FOA § 2-3 nr 2 jf. nr 1 skal oppdragsgjevar foreta ei haldbar berekning av verdien av anskaffinga. I dette ligg det at det på tidspunktet for kunngjeringa må vere ei forsvarleg vurdering av omfanget av anskaffinga, herunder kva tilleggsarbeid<sup>30</sup> og endringsarbeid som vil vere aktuelle i anleggsperioden<sup>31</sup>. Dei pristilboda ein fekk inn og endeleg kostnad for anskaffinga er moment som kan takast med i vurderinga av om berekninga var forsvarleg<sup>32</sup>, men er ikkje avgjerande for vurderinga. Ein må også sjå på om det føreligg tilhøve ein ikkje kunne føresjå samt kor vesentleg avviket mellom oppdragsgjevar si vurdering og innkomne tilbod er<sup>33</sup>.

Kostnadsauken for Fløksand-Vikebø er så vesentleg at ein kan stille spørsmål ved om vurderinga var forsvarleg. Problemstillinga er likevel mest relevant der ein opererer i nærleiken av terskelverdiar og

<sup>24</sup> Lov om offentlige anskaffelser av 16. juli 1999 nr 69 (Offanskl.) §1

<sup>25</sup> Lov om offentlige anskaffelser av 16. juli 1999 nr 69 (Offanskl.)

<sup>26</sup> Forskrift om offentlige anskaffelser av 07. April 2006 nr 402.

<sup>27</sup> FOA § 2-1 nr 2 første punktum jf § 2-2 nr 1 første punktum.

<sup>28</sup> Forskrift om innkjøpsregler i forsyningssektorene av 07. April 2006 nr 403.

<sup>29</sup> Database for offentlige innkjøp, nasjonal kunngjeringstjeneste.

<sup>30</sup> Sml. FOA § 2-1 nr 2 litra d.

<sup>31</sup> Dragsten Marianne, Offentlige anskaffelser – regelverk, praksis og løsninger 2013, s 257

<sup>32</sup> Sjå m.a. KOFA 2011/13 48 flg og 2007/90 33 flg.

<sup>33</sup> Sml. KOFA 2010/116 premiss 25.

vurderinga følgjeleg får konsekvensar for kva regelsett anskaffinga skal følgje. Det blir difor ikkje gått nærare inn på problemstillinga i denne samanheng.

Prosjektet har gjennomgått store utføringmessige endringar frå prosjektering til ferdig anlegg. Regelverket for offentlege anskaffingar skil mellom endringsarbeid og tilleggsarbeid i høve til krav om ny utlysing.

Ved endringsarbeid må det skje ei konkret heilskapleg vurdering av om endringa er vesentleg. I vurderinga legg ein vekt på om endringane er av ein slik karakter, både i art og omfang, at ein i realiteten står ovanfor ein ny kontrakt.<sup>34</sup> Dersom ein kjem til at ein i realiteten står ovanfor ein ny kontrakt må ein foreta ny kunngjering.

Det er vanleg at standardkontraktar inneheld endringsklausul som regulerer kva type endringar ein kan gjere og grensene for dette. NS 8405 inneheld slik klausul. Endringar innanfor ein slik endringsklausul vil som hovudregel ikkje utgjere ei vesentleg endring som må lysast ut på nytt.<sup>35</sup> Det vil ikkje vere automatikk i samsvar mellom kontrakten og regelverket for offentlege anskaffingar. Dette skuldast at kontrakten regulerer tilhøvet mellom byggherre og entreprenør, og ikkje er ein spesialkontrakt tilpassa offentlege anskaffingar<sup>36</sup>.

Tilleggsleveransar og tilleggstenester som er utanfor rammene av den opphavlege kontrakten er som hovudregel ei ny anskaffing og spørsmål om kunngjering etter regelverket for offentlege anskaffingar må vurderast. For tilleggsytningar som er omfatta av unntaket i FOA §2-1 nr 2 bokstav d er det likevel berre naudsynt å følgje offanskl. samt anskaffelsesforskrifta del I. Unntaket gjeld tildeling til same leverander der «uforutsette omstendigheter gjør det nødvendig å utføre tilleggsytelser som er strengt nødvendige for kontraktens fullføring». At tilleggsarbeidet må skuldast upårekna og uventa omstende inneber at det må vere forhold oppdragsgjevar ikkje har herredømme over<sup>37</sup>. Omstende som oppstår som følgje av dårleg planlegging fell følgjeleg utanfor.

På grunn av vurderinga sin tekniske karakter blir det blir ikkje gått nærare inn på kva som er endringsarbeid eller tilleggsarbeid i det konkrete tilhøvet eller om ein er innanfor dei grenser som er satt i regelverket for offentlege anskaffingar.

<sup>34</sup> Dragsten Marianne, Offentlige anskaffelser – regelverk, praksis og løsninger 2013, s 738

<sup>35</sup> Dragsten Marianne, Offentlige anskaffelser – regelverk, praksis og løsninger 2013, s 739

<sup>36</sup> www.anskaffelser.no har døme på forhold som må- og tillegg som bør leggjast til standardkontraktar når offentlig oppdragsgjevar inngår bygge- og anleggskontraktar.

<sup>37</sup> Jf. Veileder for offentlige anskaffelser pkt 7.3.2



## Revisjonen si vurdering

Gjennomgangen har vist svakheiter i høve til regelverket om offentlege anskaffingar. Kommunen tapte sak for KOFA om avvising av tilbydar. Samstundes er det ikkje ført protokoll for anskaffing etter krav i FOA § 3-2. Gjennomgangen viser også at ein kan stille spørsmål ved den opphavlege vurderinga av omfanget av prosjektet, samt utførte endringar og tilleggsarbeid, utan at revisjonen har gått nærare inn i desse vurderingane.

På førespurnad kunne kommunen ikkje leggje fram dokumentasjon av vurdering kring ny utlysing. Revisjonen meiner det er hensiktsmessig å dokumentere å gjera ei slik vurdering, uavhengig av konklusjon, ved vesentlege overskridingar. Dette vil betre kommunen si sak om ein skulle kome i ein situasjon der etterleving av regelverk blir prøvd anten for KOFA eller i annan samanheng. Dokumentering på vurderingstidspunktet vil sikre at vesentleg informasjon og vurderingar ikkje går tapt ved utskifting av personell. Føring av protokoll i samsvar med FOA §3-2 ville sikra dokumentasjon av ei slik vurdering.

Ved å nedprioritere prosjektering har ein redusert mogeleg spesifikasjonsgrad i anbudsutlysinga. Dette inneber for det første at ein ikkje er sikra faktisk samanliknbare anbod då dei ulike aktørane kan ta ulike føresetnadar. På denne måten kan ein ikkje vere trygg på at ein vel det beste anbudet. For det andre sikrar ein ikkje priskonkurranse på alle ledd. Arbeid og materiell som ikkje er spesifisert i anbudsgrunnlaget er ikkje gjenstand for konkurranse på pris, noko som kan innebere auka kostnadar. Det same gjeld endringar og tilleggsarbeid. Eit godt anbudsgrunnlag er ein absolutt føresetnad for gode samanliknbare anbod og følgjeleg også for å sikre rett val av tilbydar.

## Avsluttande kommentar og tilrådingar

Prosjektet har eit vesentleg meirforbruk i høve til ramme- og budsjettvedtak. Meirforbruket er i stor grad eit resultat av endringar undervegs i anleggsperioden. Behovet for endringar har oppstått som ein konsekvens av ei nedprioritering av prosjektering. Det har vore ei felles forståing mellom administrasjon og prosjekterande konsulent at ytingar til prosjektering skulle haldast på eit minimum, noko som inneber at det mellom anna ikkje vart utført grunnundersøkingar. Mange av dei endringane som vart naudsynte ville vore avdekka ved ein meir omfattande prosjekteringsfase og kunne følgjeleg vore tatt inn i kostnadsoverslaget som ein del av grunnlaget for avgjerda.

Den svake prosjekteringa har medført at ein ikkje hadde eit realistisk rammevedtak å halde seg til. Dersom ein hadde budsjettert med det som blir opplyst å vere normalt kostnadsnivå eller meterpris for eit slikt prosjekt, kunne sluttoppstillinga vist mindreforbruk.

Den svake prosjekteringa gir budsjettmessige og økonomiske konsekvensar, men har også verknader ut over dette. Ved å nedprioritere prosjekteringa har ein fått eit misvisande vedtaksgrunnlag. Dette er ein trugsel mot utføringa av dei folkevalde sine oppgåver samt demokratisk legitimitet. God oversikt over økonomien i prosjekt betrar kontrollmoglegheitene og samsvaret med prinsippa i kommunelov og budsjettforskrift.

Kombinert med svak prosjektering har det ikkje vore tilstrekkeleg økonomisk oppfølging av prosjektet gjennom rapportering av prognosar med venta totalkostnad på bakgrunn av akkumulert verknad av endringsmeldingar og mengderegulering. Dette har medført at overskridingane, beløpsmessig, i hovudsak er rapportert til politisk nivå etter at arbeidet er utført. At den økonomiske oppfølginga mot budsjett og rammevedtak ikkje har vore tilstrekkeleg inneber ikkje at den fortløpande økonomistyringa gjennom val og vurderingar undervegs har vore dårleg.

Det er påvist manglar i høve regelverk for offentlege anskaffingar. Kommunen tapte sak for KOFA kring avvising av tilbydar, utan at dette fekk konsekvensar då tilbydaren ikkje var vald. Kommunen kan ikkje framvise protokoll i samsvar med regelverket, og kan difor heller ikkje dokumentere at ein har gjort naudsynte og relevante vurderingar undervegs i prosessen kring den vesentlege mengda endringsmeldingar.

Rådmannen har sett i verk tiltak mellom anna i form av etablering av nye rutinar og kompetanseauke. Ein del av desse tiltaka vart sett i verk i samband med organisasjonsendringa der «kommunalavdeling for natur, næring og teknikk»<sup>38</sup> overtok det fulle ansvaret for VA-området. Dette ansvaret hadde tidlegare vore delt mellom rådmannskontoret og NNK. Tiltaka har som føremål å redusere risikoen for tilsvarande situasjonar på komande prosjekt. Revisjonen har ikkje vurdert tiltaka ut over det som følgjer av denne gjennomgangen.

<sup>38</sup> NNK, no tenestekområde plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)

*På bakgrunn av gjennomgangen av prosjektet vil revisjonen tilråde kommunen å*

- ❖ innarbeide nærare retningslinjer for- og krav til realisme i prosjektering og kostnadsanalysar for investeringsprosjekt
- ❖ sikre at ein har rutinar som fangar opp akkumulert verknad av kostnadsoverslag for endringar på komande prosjekt.
- ❖ Vurdere å avklare gjennom økonomireglement, eller liknande, kor tid eit avvik er av ein karakter som krev av rådmannen fremjar sak om tilleggsøyving.
- ❖ innarbeide rutinar som sikrar at kommunestyret får informasjon dersom det skjer vesentlege endringar kring omfang eller andre forhold som har innverknad på prosjektet.
- ❖ Vurdere å gjennomgå og forbetre interne rutinar for offentlege anskaffingar, mellom anna ved å ta i bruk regjeringa sin mal for protokoll for offentlege anskaffingar eller tilsvarande. Korrekt bruk av malen vil sikre oppfyljing av lovpålagte krav til dokumentering.

Isdalstø, 24.01.2014

Nordhordland Revisjon IKS

  
Reidar Bjørsvik

Revisjonssjef

## Vedlegg nr. 1

Prosjekt:	Regnskap Totalt	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	Budsjett 2013	Regnskap 2012	Buds(end) 2012	Budsjett 2012	Regnskap 2011	Buds(end) 2011	Budsjett 2011
629 VASSLEIDNING FLØKSAND-VIKEBØ										
Konto: Kontonavn:										
32300 BYGGTENESTER NYBYGG, VEDLIKEHALD	-	-	-	-	-	9 828 000	4 000 000	-	2 000 000	2 000 000
32301 AVGIFTER OG GEBYRER	58 600	-	-	-	46 216	-	-	12 384	-	-
32302 GRUNN OG BETONGARBEID	17 648 513	9 819 955	-	-	7 828 558	-	-	-	-	-
32307 DIVERSE UTGIFTER	3 824	93	-	-	222	-	-	3 509	-	-
32700 KJØP AV KONSULENTTENESTER	292 434	-	-	-	247 586	-	-	44 848	-	-
32710 BYGGJELEIAR/PROSJEKTLEIAR	950	-	-	-	950	-	-	-	-	-
33500 OVERFØRING TIL KOMMUNAR	200 000	-	-	-	200 000	-	-	-	-	-
35003 BYGGJELÅNSRENTER	120 000	-	-	-	120 000	-	-	-	-	-
Sum utgifter	18 324 321	9 820 048	-	-	8 443 532	9 828 000	4 000 000	60 741	2 000 000	2 000 000
39100 BRUK AV LÅN	-8 504 273	-	-	-	-8 443 532	-9 828 000	-4 000 000	-60 741	-2 000 000	-2 000 000
Sum inntekter	-8 504 273	-	-	-	-8 443 532	-9 828 000	-4 000 000	-60 741	-2 000 000	-2 000 000

Vedlegg nr. 1